

Olje- og energidepartementet
v/Aksel S. Tannum
Postboks 8148 Dep.

0033 OSLO

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
04/1944-264	
DATO - 3 MARS 2005	
AN	EKSP.
521	

Dykkar ref.
04/1994

Dykkar brev
01.12.2004

Vår ref.
332.1/JT/bs

STRYN
02.03.2005.

NOU 2004: 26 – HEIMFALL. HØYRINGSUTTALE FRÅ STRYN ENERGI AS

Høyringsuttale frå Stryn Energi AS ligg ved dette brevet.

Med helsing
Stryn Energi AS

Brynhild Sætren
Brynhild Sætren
-sekretær-

Vedlegg.

ADRESSE:
Tinggata 3
6783 STRYN

TELEFON: 57 87 36 00
TELEFAKS: 57 87 36 01
E-POST:
postmottak@stryn-energi.no

BANK:
Nordea: 6557 05 02845
Sparebanken S. og Fj.: 3795 07 00611
INTERNETT: www.stryn-energi.no

ORG.NR.:
976 626 192 MVA

04/1944-204

NOU 2004: 26 – HEIMFALL.

HØYRINGSUTTALE FRÅ STRYN ENERGI AS.

Heimfallsaka gjeld spørsmål om nasjonal råderett over vasskraftressursane.

Fleirtalet i Heimfallsutvalet går inn for lovutformingar som vil hindre eit stabilt norsk eigarskap til vår vasskraft.

Stryn Energi AS er usamd med fleirtalet i Heimfallsutvalet.

Stryn Energi AS, meiner at handsaminga av heimfallsaka må utsettast.

Etterfylgjande punkt må vektleggast i den vidare sakshandsaminga:

- Det juridiske handlingsrommet innafor EØS-avtalen må utgreiast betre.
- Ein grundig politisk og fagleg debatt om formålet med heimfallsordninga.
- Konsekvensane for beredskapen i norsk energiforsyning må utgreiast betre.
- Utarbeide aktuelle modellar for heimfall og greie ut konsekvensar for alle modellar med omsyn til:
- Framtidig styringsrett for norske vasskraftressursar, verdien av vasskrafta for komande generasjonar (vasskraft må sjåast i eit svært langsiktig perspektiv). Økonomiske modellar undervurderer framtidig verdistigning for fornybar energi. Etterspurnaden etter vasskraft vil stige meir enn etterspurnaden etter ureinsande fossil energi.
- Ingen generasjon bør ha rett til å gje frå seg eigarskapen/ styringsretten til evigvarande energiressursar. Utleige er langt å føretrekkje framfor sal.
- Det norske folk seier eit klart nei til sal av vasskraft – ressursen.
- Dersom tolkinga av EØS avtalen krev lik handsaming mellom offentlege og private eigarar, vil transaksjonmodellen vere å føretrekkje.
- Det må vurderast om alle offentlege eigarar (kommunar, fylkeskommunar og staten) kan gjevast heimfallsrett. Dette vil vere meir rettferdig over for dagens eigarstruktur.
- Det må takast opp reelle tingingar med EU for å finne fram til politiske løysingar som sikrar framleis nasjonal råderett over vår viktigaste ressurs.

For Stryn Energi AS


Jan Træen
energisjef-

Oddvin Drageset
-styreleiar-